



# VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN


Iht. plan- og bygningslova § 12-1 og § 12-8 varslast det om at det er igangsett arbeid med reguleringsplan for utbetring og omlegging av farleier i Ulsteinfjorden i Ulstein og Herøy kommune. Dette varselet gjeld to reguleringsplanar; 1. Skinnabrokleia vest for Kalvøya og Borgarøya i Bøfjorden i Herøy og Ulstein kommune, og 2. Svædet og Kyrkjefluda vest for Flø og Roppe i Ulstein kommune.



Kystverket er forslagsstillar og Multiconsult er plankonsulent. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å utdjupe grunner langs farleia slik at båtar kan ferdast med større sikkerheit. Planarbeida er ein del av fleire nødvendige detaljreguleringar langs farleia, frå Røyrasundet i sør til Ålesund i nord.

Reguleringsplanane er tenkt utført med heimel i pbl. § 3-7. Overføring av planførebuing til statleg eller regional myndigheit. Dette inneberer at Kystverket, i samråd med planmyndigheita, kan fremje forslag til arealplan og vedta å legge planane ut til offentleg ettersyn.

Massane frå utbetringa er planlagt lagt i deponi. Kystverket ønskjer å planlegge for sjødeponi samtidig som at moglege deponi på land vurderast.



Det vert lagt opp til at planane kan behandlast våren/sommaren 2022, medan oppstart av arbeid med utdjupeing er planlagt i 2024.

Meir informasjon kan ein finne på [multiconsult.no](http://multiconsult.no), [kystverket.no](http://kystverket.no) og kommunane sine heimesider. Her finn ein også link til informasjonsmøte.

Offentlege mynde, interessentar, og grunneigarar, innan 500 m frå planområdet i sjøen, blir varsla direkte. Det blei i oppstartsmøte med kommunane avtalt at tiltak i begge planar skal konsekvensutgreiast med tanke på naturmangfold.

**Eventuelle kommentarar/ merknader til det igangsette planarbeidet sendast skriftleg til:**

Multiconsult v/Sevrin Gjerde, e-post [sevrin.gjerde@multiconsult.no](mailto:sevrin.gjerde@multiconsult.no) innan 29.10.2021.

Det vil haldast eit informasjonsmøte den 20. oktober kl 18-20 på den digitale plattformen Teams. QR-kode i annonsa kan nyttast for å delta.

Spørsmål knytt til reguleringsarbeidet kan stillast til:

Multiconsult v/Sevrin Gjerde på e-post [sevrin.gjerde@multiconsult.no](mailto:sevrin.gjerde@multiconsult.no) eller på tlf. 906 38 390

